

HAUGALAND KRAFT NETT AS
Postboks 2015
5504 HAUGESUND

Vår dato: 23.03.2021
Vår ref.: 201913020-17
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Sondre Moe Knudsen
22959303/somk@nve.no

NVE har gjeve Haugaland Kraft Nett løyve til 132 kV kraftleidningar over Stokksundet mellom Bømlo og Stord

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Haugaland Kraft Nett konsesjon og samtykke til oreigning for å byggje og drive to 132 kV sjøkablar over Stokksundet. Vedlagt følgjer NVE sitt/sine løyve (oreigningsløyve og anleggskonsesjon) og notatet «Bakgrunn for vedtak» av i dag. Dokumenta finst òg på www.nve.no/kraftledninger.

Det er mogeleg å klage på løyva, sjå opplysningar på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til dykk for uttale før saka vert lagt fram for Olje- og energidepartementet.

Vi gjer merksam på at oreigningsløyvet fell bort dersom det ikkje er sett fram krav om skjøn innan eit år frå endeleg vedtak, jf. oreigningslova § 16.

Orientering av grunneigarar/rettshavarar og grannar

Vedlagt følgjer eit brev med underretning om vedtaka. NVE ber dykk om snarast å sende brevet med vedlegg til grunneigarar/rettshavarar. Granneeigedommar eigedommar som har felles grense med den tomta som det skal byggjast på. Motbuareigedommar er eigedommar der berre ein veg, ei gate, ei elv eller anna areal ligg imellom. Både eigarar av eigedommar med og utan bygningar skal varslast. Vi ber om at kopi av løyva og NVEs grunngjeving vert lagd ved brevet.

NVE ber om ei stadfesting på at orienteringsbrevet er sendt, med opplysning om dato for utsendinga.

Orientering av systemansvarleg

NVE syner til forskrift om systemansvaret i kraftforsyninga. Konsesjonæren pliktar å informere systemansvarleg i tråd med krava i gjeldande forskrift. Nye anlegg eller endringar i eksisterande anlegg kan ikkje setjast i drift utan etter vedtak frå systemansvarleg. Plikta til å informere systemansvarleg gjeld òg ved seinare endringar av anlegget som ikkje utløyser krav om ny anleggskonsesjon.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Sondre Moe Knudsen
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: Skrive kva for vedtak du klagar på. Skrive kva for eit resultat du ønsker. Opplyse om du klagar innanfor fristen. Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagd på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltningsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.